



# Kinn kommune

## Møtebok

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Digitalt  
**Dato:** 15.05.2025  
**Tid:** Kl. 09:00 - 13:04

---

| <b>Følgjande medlemmer møtte</b> | <b>Parti</b> |
|----------------------------------|--------------|
| Doris Christensen                | Kinn AP      |
| Ninja Tolo Ness                  | Kinn AP      |
| Ola Teigen                       | Kinn AP      |
| Stine Kråkenes Øvrelid           | Kinn AP      |
| Tor Åge Gravdal                  | Kinn AP      |
| Frank Willy Pedersen Djuvik      | Kinn FrP     |
| Kjell Bjørn Refvik               | Kinn FrP     |
| Kjell-Magne Kvalheim             | Kinn FrP     |
| Miriam Johanne Nesje             | Kinn FrP     |
| Ronny Mobakken                   | Kinn FrP     |
| Arlene Vågene                    | Kinn H       |
| Bengt Solheim-Olsen              | Kinn H       |
| Dagrun Almenning Kvalheim        | Kinn H       |
| Hanne Eva Husebø Kristensen      | Kinn H       |
| Aud Norunn Vig                   | Kinn KrF     |
| Gustav Johan Nydal               | Kinn KrF     |
| Daniel Erik Adrian Henriksson    | Kinn Rødt    |
| Geir Ole Oldeide                 | Kinn Rødt    |
| Hege Chatrine Brandsøy           | Kinn Rødt    |
| Kjell-Jarle Oldeide              | Kinn Rødt    |
| Anita Eikevik                    | Kinn SP      |
| Jan Arve Midtbø                  | Kinn SP      |
| Jon Valur Olafsson               | Kinn SV      |
| Siri Odijk Solbakken             | Kinn SV      |
| Anne Marit Seljeseth             | Kinn V       |
| Edvard Iversen                   | Kinn V       |
| Jacob André Telvik Nødseth       | Kinn V       |
| Anett Berg                       | UAH          |
| Bente Olseth                     | UAH          |
| Jan Gunnar Holvik                | UAH          |
| Lillian Bratholmen               | UAH          |
| Mats Brunsvik                    | UAH          |
| Morten Andreas Hagen             | UAH          |
| Ørjan Kvalheim                   | UAH          |

| <b>Forfall</b>        | <b>Parti</b> | <b>Varamedlem</b>               | <b>Parti</b> |         |
|-----------------------|--------------|---------------------------------|--------------|---------|
| Anders Ole Sunnarvik  | Kinn AP      | Lars Terje Standal              | Kinn AP      |         |
| Silje Ødegård Standal | Kinn AP      | Marie Kristine Øverås<br>Jensen | Kinn SV      | Kinn AP |
| Sidsel Fænn Kongsvik  | Kinn SP      | Elisabeth Halsne                | Kinn SP      |         |
| Håkon Skram Heggen    | UAH          | Terje Svardahl                  | Kinn H       |         |
| Ronny Cassells        | Kinn AP      | Bente Nygård                    | Kinn AP      |         |

**Andre som møtte:**

Hanna Folgerø-Kirkeeide, ungdomsrepresentant  
Kjell Heggen, leiar Kontrollutvalet  
Vilde Johannesen, ungdomsordfører

| Ugild               | Sak    | Følgjande<br>varamedl. møtte | Merknad                    |
|---------------------|--------|------------------------------|----------------------------|
| Bengt Solheim-Olsen | 062/25 | Morten Mortensen,<br>Kinn H  | jf. forvaltningslova § 6 e |
| Bengt Solheim-Olsen | 063/25 | Morten Mortensen,<br>Kinn H  | jf. forvaltningslova § 6 e |
| Terje Svardahl      | 063/25 |                              | jf. forvaltningslova § 6 e |

**Møtenotater:****Frå administrasjonen møtte:**

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør  
Runa Nybakk, kommunalsjef  
Norunn Stavø, kommunalsjef  
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef  
Mari Halsør, konsulent  
Iris Gangeskar, konsulent

**Ymse:**

Representant Vig (KrF) tiltredde møtet kl. 09.15.  
Repr. Nødseth (V) fråtrjedde møtet kl 13.00, repr. Eliasson (V) tiltredde som vara.

Sakene vart behandla i følgjande rekkjefølgje:  
51, 53-61, 52, 62, 63

**Måløy, 16.05.2025**

Bengt Solheim-Olsen  
Ordfører

## Sakliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                                                        |
|----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 051/25         | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                    |
| 052/25         | Spørsmål                                                                                                                 |
| 010/25         | Spørsmål - Drift av frivilligsentralen i Kinn kommune                                                                    |
| 011/25         | Spørsmål - Om avslag på søknad frå trillingmødre i Kinn                                                                  |
| 012/25         | Spørsmål om kompetansesenter for fornybar energi                                                                         |
| 053/25         | Godkjenning av møteprotokoll                                                                                             |
| 054/25         | Orientering frå ungdommens kommunestyre                                                                                  |
| 055/25         | Orienteringar                                                                                                            |
| 056/25         | Refererte skriv og meldingar                                                                                             |
| 057/25         | Forvaltningsrevisjon- gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune                                               |
| 058/25         | Kontrollutvalet - Revidert reglement                                                                                     |
| 059/25         | Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar                                                 |
| 060/25         | Florø hamn Kinn kommune KF - Revidert investeringsbudsjett 2025 (i samband med avtale om ny veg i Gunhildvågen)          |
| 061/25         | Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgåvefellesskap |
| 062/25         | Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7 DNT Sogn og Fjordane                                                        |
| 063/25         | Avhending av skulehusbygget på Askrova                                                                                   |
| 064/25         | TV-aksjon 2025 - Atlas-alliansen - val av komité                                                                         |
| 065/25         | Søknad om fritak frå politiske verv - André Øvstedal                                                                     |



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 051/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### KOST- 051/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

### Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

### Godkjenning av sakliste:


Venstre v/repr. Iversen etterlyser tidlegare utsette spørsmål frå repr. Eliasson om kompetansesenter for fornybar energi, på saklista.

### Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

### KOST- 051/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 25/21227  
Sakshandsamar: Mari Halsør  
Dato: 08.05.2025

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 052/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Spørsmål

**KOST- 052/25 Vedtak:**

---

## Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:


**KOST- 052/25 Vedtak:**

**Underliggende sak:**

010/25, Spørsmål - Drift av frivilligsentralen i Kinn kommune

011/25, Spørsmål - Om avslag på søknad frå trillingmødre i Kinn

012/25, Spørsmål om kompetansesenter for fornybar energi



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 010/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Spørsmål - Drift av frivilligsentralen i Kinn kommune

**KOST- 010/25 Vedtak:**

---

### Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

#### Spørsmål frå Høgre v/repr. Sunde, framsatt at repr. Vågene - Drift av frivilligsentralen i Kinn Kommune

Frivilligsentralen i Kinn kommune har gjennom mange år vore ein stor stoltheit for oss. Sentralen har ikkje berre vore ein viktig møteplass og ressurs for lokalsamfunnet, men har også fått nasjonal anerkjenning som eit førebilete for korleis ein kan organisere og styrke frivillig innsats. Frivillige organisasjonar, lag, styrer og enkeltpersonar har uttrykt stor tilfredsheit med samarbeidet og den støtta dei har fått frå sentralen. Den viktige rolla sentralen har spelt, har gjort det mogleg å løfte fram og realisere mange initiativ som elles ikkje ville sett dagens lys.

I Firdaposten 26.06.24 vart det nemnt at, i lys av leiarens avgang og budsjettutfordringane kommunen står overfor, kan ein av konsekvensane vere at frivilligsentralen må drifta på ein annan måte. 17.06.24 vart det også informert om at frivilligsentralen skulle omstrukturast til Ressursgruppa for frivilligheit i Kinn kommune.

Både leiar i KURS KF og Ressursgruppa for frivilligheit har uttrykt stor bekymring for desse endringane. I ressursgruppa sitt innspel til rapporten "Samarbeid og samskaping – Kinn kommune og frivillig sektor" kjem det tydeleg fram at dei frivillige laga og organisasjonane ikkje støttar dei endringane som er blitt gjennomførte, og at dei er bekymra for korleis dette vil påverke dei mest sårbare i samfunnet og det gode samarbeidet med frivilligsentralen.

I dag står vi i den paradoksale situasjonen at, til tross for at vi mottar statlege midlar til drift, er det ingen som faktisk driv frivilligsentralen.

Kan ordføraren gje oss ei oppdatering på statusen på frivilligsentralen og det frivillige arbeidet i Kinn kommune, og kva som vert gjort for å sikre vidare suksessfull drift og medverknad frå brukarane av sentralen?

**Svar frå ordførar:**

Kinn kommune driftar to frivilligsentralar, ein i Måløy og ein i Florø, som begge er organisert som integrert del av Kulturtenesta. Det er etablert Ressursgruppe for frivilligheit som kommunen rådfører seg med, og som kjem i tillegg til andre råd og utval i det kommunale systemet.

I 2024, sak 124, handsama formannskapet saka "Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor". Formannskapet vedtok høyringsrunde før ny handsaming. Dette er no gjennomført og saka er planlagt handsama om få veker. Saka viser mangfaldet i den frivillige innsats i samfunnet vårt, men og at det finst uutnytta potensiale for vidare samhandling og samarbeid mellom frivilligheita og kommunen.

Kinn kommunen arbeider kontinuerleg med å organisere seg i tråd med tilgjengelege menneskelege og økonomiske ressursar. Kulturtenesta, til dømes, har siste åra redusert drifta med rundt fire årsverk. Dette grunna redusert økonomiske ramme. Tenestetilbodet er i det store og heile likevel oppretthalde. Med auka koordinering, auka samhandling på tvers, kombinert med streng økonomistyring har dette vore mogleg.

Frivilligsentralane er ein del av kulturtenesta og har pr i dag 1,2 årsverk i Måløy og 1 årsverk i Florø. Dei siste par månadane har det vore litt redusert bemanning med bakgrunn i foreldrepermisjon og at eit vikariat blei litt kortare enn venta. Oppgåve er, etter omorganisering, fordelt på fleire tilsette, nettopp for å ikkje bli sårbare ved fråver. Dette betyr at oppgåvene som ligg til frivillighetssatsinga i all hovudsak blir løyst, sjølv ved det fråværet vi no har.

Frivilligsentralane er delvis statleg finansierte. Kommuneadministrasjonen v/kulturtenesta får årlege overføringar frå KURS KF. I tillegg er det sett av ordinære kommunale midlar til drift av frivillighetsarbeid. Det er som tidlegare, søkt om og innvilga midlar frå m.a. BufDir, Gjensidigestiftinga og andre. Tilskota for 2025 og tre år fram i tid er rekordhøge. Kinn kommune rapporterer kvart år på bruken av statlege midlar. Det blir held jamlege møte mellom administrasjonen og KURS KF for gjennomgang av oppgåver og korleis midlar blir nytta.


Barn og unge sin rett til deltaking i fritidsaktivitet står i ei særstilling. Fritidserklæringa er ei nasjonal satsing, er vedteken i Kinn som ein av tre kommunar i Vestland. Dei siste åra har det vore kraftig auke i talet barn/foreldre som søker økonomisk støtte til deltaking i fritidsaktivitet. Dette er ein nasjonal trend. Dette blei ei økonomisk utfordring for Kinn. Ordninga med å betale medlemskontingentar fullt ut, tilsendt frå frivillige lag/organisasjonar blei både for dyr og for uføreseieleg. Det var og behov for vesentleg betre sikring av taushetsbelagt informasjon. Omlegging til fritidskonto gjennom Friskus blei difor bestemt innført i 2024. Opplæring er gjennomført og ordninga rulla ut. Det er framleis ønskjeleg at fleire aktivitetstilbydare blir med på ordninga.

Ordninga med fritidskonto er knytta til enkeltbrukarar. Lag og organisasjonar gjer også ein viktig generell innsats for å leggje til rette for at alle skal kunne delta i aktivitet. Difor er det innført ein tilskotsordning for «sosial utjamning», som laga kan søke på. Frivilligsentralane er og blir viktige for Kinn kommune. Ikkje minst i ei tid der målet er å arbeide for endå meir samskaping og samhandling med frivillige krefter. Saman kan vi gjere ein forskjell.

Som ordførar vil eg vise til den politiske saka som er på trappene i juni for vidare diskusjon.

**KOST- 010/25 Vedtak:****Vedlegg i saken:**

metadata\_Interpellasjon og spørsmål



## Kinn kommune

Arkiv: TI-&29  
JournalpostID: 25/21621  
Sakshandsamar: Bengt Solheim-Olsen  
Dato: 07.05.2025

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 011/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

### Spørsmål - Om avslag på søknad frå trillingmødre i Kinn

**KOST- 011/25 Vedtak:**

---

#### Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

##### Spørsmål frå AP v/repr. Christensen - Spørsmål til ordfører om avslag på søknaden fra trillingmødre i Kinn

Det var 9 trillingsfødsler i 2024, 5 i 2023, 8 i 2022, 4 i 2021. Kommunenes vilkår for å ha rett til støtte fra helse- og velferdstjenester kan ikke inneholde alle tenkbare scenarier for livets tilfeldigheter. Flerlingefødsler er et eksempel.

Vi tror neppe kommunen har regnet på hva vi vinner ved å hjelpe familien over den mest hektiske fasen til nattesøvnen er noenlunde normal. Søvn er avgjørende for helsa. Det vet vi alle.

Hva kan vi vinne spør du kanskje? Vel, vi sparer sykemeldinger fordi foreldre blir syke av å ikke sove.

Vi vinner arbeidskraft i helse og oppvekst, mindre fravær og sykdom. Vi vinner større forutsigbarhet for mødrene og deres arbeidsgivere. Vi gir "Tidlig innsats" et ekte innhold.

Ordfører, er det mulig å hente fram igjen søknaden, og finne en god løsning?

##### Svar frå ordfører:

Med omsyn til kva kommunen har av tilbud innafor Helse og velferdstjenestene så har vi ikkje moglegheit til å gje omsorgsstønad til foreldre som ynskjer å vere heime med friske barn. Dette tilbudet er til foreldre med barn som har ulike funksjonshemmingar.

Ved sakshandsaming av omsorgsstønad vurderer ein om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande. For born må omsorga klart overstige den forventa omsorga for born på same


alder. I denne saka dreidde det seg om fleire friske små born som har ein alder der det er normalt at dei treng omsorg døgnet rundt, men som også får barnehageplass når dei er eit år gamle. Mange familiar med fleire små born har stor omsorgstyngd. Kommunen har ei barneavlastningseining som også er for barn med ulike funksjonshemmingar, der foreldra har ekstra høg omsorgsbyrde. Elles så kan eg ikkje gå inn på detaljane i denne saka. Det er klaga på vedtaket og den ligg hos Statsforvalter.

Så tenker eg vi kan be om orientering i neste Helse- og omsorgsutval.

**KOST- 011/25 Vedtak:**

**Vedlegg i saken:**

metadata\_Interpellasjon og spørsmål



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 001/25  | Kommunestyret | 13.03.2025 |
| 006/25  | Kommunestyret | 10.04.2025 |
| 012/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Spørsmål om kompetansesenter for fornybar energi

**KOST- 012/25 Vedtak:**

---

### Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

#### Spørsmål frå Venstre v/repr. Eliasson, fremsatt av repr. Seljseth (V) - kompetansesenter for fornybar energi

Eg har med interesse sett at det er blitt aktualisert av fleire organisasjonar å få etablert eit kompetansesenter for fornybar energi, sjå lenker:

<https://www.nationen.no/ks-lo-nho-fornybar-norge-og-samfunnsbedriftene-onsker-kompetansesenter-for-fornybar-energi/s/5-148-640951>

[De vil sikre bedre beslutningsprosesser for fornybar energi - KS](#)

<https://lvk.no/artikler/forslag-til-statsbudsjett-2025>

Formålet med eit slik senter skal mellom anna være:

- Erfaringsdeling mellom kommunar for å få auka tryggleik i samband med søknadar og saksbehandling mellom ulike aktørar ifm planprosess
- Auka kompetanse vil mogleg redusere konfliktnivå
- Bidra til auka omstillingstakt mhp det grønne skifte.
- Være ein ressurs i arbeidet med å redusere og endre energibruken

Eg ser at eit slikt senter mest truleg vil verte plassert meir urbant der det er etablerte forskningsmiljø som Enova, NTNU osv., men det skadar vel ikkje å få ein utsjekk?


I Kinn Kommune har vi stor andel av vindkraft og erfaring med denne type problematikk, ein oljebase i omstilling til det grønne skiftet, hydrogensatsing, stor satsing på el.båtar, småkraftverk og medeigar i SFE. I tillegg ligg vi ved kysten der ein ganske sikkert vil møte (møter) tilsvarende konfliktnivå med Havvind, som for vindanlegg på land.

Det er i distrikta vindkraftanlegg, vassdrag med meir vert utbygd og kan være i konflikt mot natur og næring som fiske og jordbruk, noko som og kan være eit argument for få til eit slikt senter utafor dei største byane. For det er vel her det skjer?

**Svar frå ordførar:**

Vi har hatt samtale med Aksello om etablering av senter, men det er ikkje sett i gang noko spesielt arbeid no. KS har gitt svar til NOU for energikommisjon, der det argumenterast for oppretting av eit slikt senter. Innspelet er kommt til departementet, men det må settast av midlar i statsbudsjettet til satsinga. Oppfølging vidare kan vi jo ta politisk.

**KOST- 012/25 Vedtak:**



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 053/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Godkjenning av møteprotokoll

### KOST- 053/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

---

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

---

## Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

Ingen merknadar.

### Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

### KOST- 053/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

### Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 10.04.2025



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 054/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Orientering frå ungdommens kommunestyre

### KOST- 054/25 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

---

## Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

Ungdomsordførar Vilde Johannesen orienterer om sakene som var oppe i sist møte i

Ungdommens kommunestyre:

Ungdataundersøkinga

Økonomien i Kinn kommune

Albertatunet og Florø barneskule


Ungdomsfiske

Gratis abonnement på Firdaposten for ungdom

Tema om bedre og sterkare inkludering av ungdom i kommunestyre og utval

### KOST- 054/25 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 055/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Orienteringar

### KOST- 055/25 Vedtak:

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.

---

### Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

Ingen orienteringar.

### KOST- 055/25 Vedtak:



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 056/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Refererte skriv og meldingar

### KOST- 056/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

---

## Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

Leiar i Kontrollutvalet, Kjell Heggen bemerker følgjande:

Møteprotokollane frå styremøtene i dei kommunale føretakene har ofte manglar, spesielt med tanke på presentasjon av innhald i orienteringar. Det skal gå fram kva orienteringane handlar om.

Saker som er unnateke offentlegheita skal vere med i saklista og møteprotokollen.

Vedtaket er alltid offentleg og skal stå i møteprotokollen.

Løn for dagleg leiar er ikkje unnateke offentlegheita, kun sjølv forhandling om løn.

Vedtaket skal vere offentlege.

### Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

### KOST- 056/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

### Underliggende sak:


011/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 02.12.2024

012/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 22.01.2025

013/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 10.03.2025

014/25, Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar

015/25, Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar



## Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 25/1388  
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen  
Dato: 10.01.2025

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 045/25  | Kommunestyret | 10.04.2025 |
| 057/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

### Forvaltningsrevisjon- gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune

#### KOST- 057/25 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Gjennomføring av investeringsprosjekt» , utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 25.11.2024.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
  - a. Etablering av ein felles internkontrollstruktur: Kommunen skal sikre at alle prosjektleiarar nyttar felles rutinar og dokumentasjonsverktøy, og utarbeide ein standard for internkontroll som gjeld for alle investeringsprosjekt.
  - b. Kommunen skal revidere eige økonomireglement og det mandat som ligg til formannskap knytt til investeringsprosjekt.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.03.2025 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.
4. Kontrollutvalet ber om ei vurdering frå kommunedirektøren på vedtak frå kommunestyret 091/17 med tilhøyrande kostnadsramme på kr 500 000 til tilrettelegging for barnehagedrift, som utløyste nedlegging av Holvik skule.

#### Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Gjennomføring av investeringsprosjekt» , utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 25.11.2024.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
  - a. Etablering av ein felles internkontrollstruktur: Kommunen skal sikre at alle prosjektleiarar nyttar felles rutinar og dokumentasjonsverktøy, og utarbeide ein standard for internkontroll som gjeld for alle investeringsprosjekt.
  - b. Kommunen skal revidere eige økonomireglement og det mandat som ligg til formannskap knytt til investeringsprosjekt.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.03.2025 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å

følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.

4. Kontrollutvalet ber om ei vurdering frå kommunedirektøren på vedtak frå kommunestyret 091/17 med tilhøyrande kostnadsramme på kr 500 000 til tilrettelegging for barnehagedrift, som utløyste nedlegging av Holvik skule.

---

### **Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet handsama i sak 52/23 ei bestilling av forvaltningsprosjekt knytt til gjennomføring av investeringsprosjekt. Prosjektrapporten er no ferdig stilt.

### **Saksopplysningar:**

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve, jf. kommunelova § 23-2. Kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Prosjektplan utarbeidd 19.01.2024 vart godkjend av kontrollutvalet i Kinn i sak 5/24.

Målsettinga for dette forvaltningsprosjektet var å vurdere om Kinn kommune si gjennomføring av prosjekt, knytt til økonomi og då særleg kommunen sin oppfølging av investeringsprosjekt opp mot reglement og delerte mynde.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet vart det utarbeidd følgjande problemstillingar for prosjektet:

1. Har kommunen styringsdokument for planlegging, gjennomføring og avslutting av prosjekt?
  - a. Vert styringsdokument om prosjekt følgde?
  - b. Sikrar kommunen avklaringar om prosjektet før oppstart? Inkludert innhald i prosjekt, kostnadar, finansiering og andre konsekvensar av prosjektet ?
  - c. Korleis vert det rapportert til politisk nivå i løpet av prosjektperioden?
  - d. Følgjer kommunen krav til budsjett og budsjettendringar i prosjekt? Inkludert å sikre at vedtak om budsjettendringar og tekniske endringar skjer før kostnadar påløper.

I tillegg har det vorte tilføyd eit punkt knytt til oppfølging av prosjektet Holvik skule/barnehage, etter at formannskapet meldte inn sak etter møte 21.03.2024: "Formannskapet ber kontrollutvalget se på og evaluere sak «ombygging av Holvik skule til barnehage» i samband med forvaltningsrevisjon rundt investeringsprosjekter til kommunen".

Etter dialog mellom forvaltningsrevisor og sekretariatet er forholdet implementert i problemstillinga og kontrollutvalet har vorte orientert undervegs om vurderingane som er gjort. Prosjektrapporten har difor også eit pkt 2:

Kva hende i prosjektet Holvik skule til barnehage ?

### **Vurderingar:**

Forvaltningsrapporten oppsummerer:

- Kinn kommune har etablert grunnleggjande rutinar og praksis for budsjetthandling og økonomikontroll i investeringsprosjekt, og i dei fleste tilfella er budsjettjusteringar vedtekne før kostnadar vert påløpte.
- Kinn kommune har ikkje ein felles internkontrollstruktur i sine prosjekt.
- Kinn kommune nyttar ikkje prosjektstyringsverktøy gjennomgåande i alle prosjekt.

kontrollutvalget se på og evaluere sak «ombygging av Holvik skule til barnehage» i samband med forvaltningsrevisjon rundt investeringsprosjekter til kommune

Rapporten vart sendt til høyring hos kommunedirektøren i Kinn kommune.

Det vert elles vist til rapporten i si heilhet som ligg vedlagt.

---

## **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Trine Havn frå Vest Revisjon KO går gjennom forvaltningsrevisjonsrapporten.

### **Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

### **KOST- 057/25 Vedtak:**

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Gjennomføring av investeringsprosjekt» , utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 25.11.2024.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
  - a. Etablering av ein felles internkontrollstruktur: Kommunen skal sikre at alle prosjektleiarar nyttar felles rutinar og dokumentasjonsverktøy, og utarbeide ein standard for internkontroll som gjeld for alle investeringsprosjekt.
  - b. Kommunen skal revidere eige økonomireglement og det mandat som ligg til formannskap knytt til investeringsprosjekt.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.03.2025 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.
4. Kontrollutvalet ber om ei vurdering frå kommunedirektøren på vedtak frå kommunestyret 091/17 med tilhøyrande kostnadsramme på kr 500 000 til tilrettelegging for barnehagedrift, som utløyste nedlegging av Holvik skule.

## **Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:**

Sak utsett, då representantar frå Kontrollutvalet ikkje er til stade.

### **KOST- 045/25 Vedtak:**

Sak utsett.

### **Vedlegg i saken:**


Forvaltningsrevisjon - gjennomføring av investeringsprosjekt, rapporten

Saksframlegg - Forvaltningsrevisjon - gjennomføring av investeringsprosjekt, rapporten

Forvaltningsrevisjonsrapport - Gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune

Følgjeskriv

Vestland Revisjon KO - Presentasjon i møte 15.05.2025



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 048/25  | Kommunestyret | 10.04.2025 |
| 058/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Kontrollutvalet - Revidert reglement

### KOST- 058/25 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner revidert reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

### Kontrollutvalet si innstilling:

Kommunestyret godkjenner revidert reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

---

### Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har i møte 10.03.2025 i sak 13/25, vedteke revidert reglement for kontrollutvalet.

### Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval har i møte 10.03.2025 behandla revidert reglement for kontrollutvalet og vedteke å sende saka over til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak: Kommunestyret godkjenner revidert reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

### Vurderingar:

Sjå dokument frå Kinn kontrollutval, som ligg vedlagt saka.

### Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 5-13.  
Kommunelova §§ 22 og 23.

---

## Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:

Kontrollutvalsleiar Heggen orienterte kort om grunnlaget for revidering av reglementet.

### Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

### KOST- 058/25 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner revidert reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

## **Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:**

Raudt v/repr. Geir Oldeide foreslår å utsette saka, då representantar frå Kontrollutvalet ikkje er til stade.

### **Røysting:**

Utsetjingsframlegg frå Raudt v/repr. Geir Oldeide samrøytes vedteke.

### **KOST- 048/25 Vedtak:**

Sak utsett.

### **Vedlegg i saken:**


Handsaming i kommunestyret: Reglement for kontrollutvalet

Saksframlegg - Reglement for kontrollutvalet

Revidert - Reglement for kontrollutvalet.docx

Høyringsvar reglement for kontrollutvala-2.docx

Reglement for kontrollutvalet - vedteke av Kinn kommunestyre sak 123-22



| Saksnr. | Utval                      | Møtedato   |
|---------|----------------------------|------------|
| 026/25  | Oppvekst- og kulturutvalet | 01.04.2025 |
| 046/25  | Formannskapet              | 03.04.2025 |
| 059/25  | Kommunestyret              | 15.05.2025 |

## Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar

### KOST- 059/25 Vedtak:

1) Kommunestyret legg «grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar» ut til offentlig høyring snarast mogleg, og med høyringsfrist 31. august. Kommunedirektøren skal sørge for breie medverknadsprosessar i høyringsperioden, slik at ein er sikker på at berørte interesser får kome med sine innspel.

2) Parallelt med høyringa skal Kinn kommune arbeide med korleis ein kan bruke areala som i dag er Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule på ein måte der ein utviklar nærområdet og motverkar negative effektar av ev. bortfall av skuledrift. Formålet er å bidra til vekst og utvikling gjennom ein framtidsretta aktivitet og bruk av areala (og ev. anna nærliggande areal), dersom konklusjonen etter høyring mv. skulle vere å legge ned den respektive skulen.

3) Kommunestyret delegerer til formannskapet å følgje opp arbeidet nevnt i punkt 2 i det vidare på vegne av kommunestyret.

4) Formannskapet skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det lages konkrete planar og tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn.

### Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 01.04.2025

Formannskapet legg Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar ut til offentlig høyring i perioden 4. april til 9. mai.

### Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 03.04.2025

Å gjere endringar i skulestrukturen er inngripande tiltak som vil få store samfunnsmessige konsekvensar som handlar om meir enn å få til ei hensiktsmessig skuledrift tilpassa endringar i elevtal. Når ein legg ned skular eller gjer endringar mellom skulane så kan det til dømes føre til endra busettingsmønster, trafikkmønster mv. Det igjen kan ha få konsekvensar for miljø, bustadbygging, tilflytting mv.

Spørsmålet om å legge ned Krokane skule er eit godt døme i så måte. I same område skal kommunen avvikle drifta på Furuhaugane omsorgssenter (som skal flyttast til Albertatunet), det er fleire private initiativ med bustadbygging som er regulert, og mange andre kommunale funksjonar (bustader, asylmottak mv) har behov for modernisering.

Kva effektar det kan ha for denne bydelen å legge ned skulen må ein ha klårskap i før ein avgjer dette i skulebruksplanen. Kva etterbruk ein konkret skal ha av bygg som skulle bli nedlagt er viktig å få klårskap i. Det har også kostnader ved seg å gjere slike endringar, som ikkje er synleggjort tilstrekkeleg. Kommunen må ha eit heilskapleg perspektiv på dette, både for økonomi og ønska samfunnsutvikling – samstundes som ein klarer å omstille drifta.

Formannskapet delegerer til oppvekst- og kulturutvalet å følgje opp denne saka vidare for å sikre at saka blir tilstrekkeleg opplyst slik at ein raskast mogleg kan sikre ei framtidsretta omstilling. Formannskapet føreset at utvalet sikrar brei involvering av interessentar knytt til dei potensielt berørte skulane mv. Når utvalet er nøgd med utgreiinga i tråd med det som her er skissert, og med tidlegare vedtak i same sakskompleks, vert saka å legge fram til formannskapet og så kommunestyret, etter først å ha vore handsama i oppvekst- og kulturutvalet. Kommunestyret skal vere organet som legg saka ut på høyring, for å sikre at det som vert lagt ut har ei best mogleg politisk forankring.

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet legg *Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar* ut til offentleg høyring i perioden 4. april til 9. mai.

---

### **Bakgrunn for saka:**

Kommunestyret i Kinn kommune vedtok i desember 2024 at det skal utarbeidast grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane Raudeberg, Skavøypoll, Florø, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy, der framtidig utnytting av områda med og utan skule skal drøftast. FAU og tilsette ved skulane har vore involvert i arbeidet.

Kommunestyret sitt vedtak [151/24 16. desember](#):

- 1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.*
- 2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.*
- 3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskule, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.*
- 4. Kommunedirektøren lagar ei ny utgreiing der ressursfordelingsmodellen for grunnskulen blir evaluert. Sak leggst fram våren 2026.*

### **Saksopplysningar:**

I oppvekst og kulturutvalet den 25.februar orienterte kommunedirektøren om korleis denne utgreiinga er bygd opp. FAU og rektorane ved skulane vart gitt same orienteringa den 5. mars.

Den 25. mars orienterte kommunedirektøren om innhaldet i utgreiinga i oppvekst og kulturutvalet, sjå sak [020/25](#). Presentasjonen finn du [her](#).

Utgreiinga, [Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for](#)

skulestrukturendringar, seier noko om situasjonen i dag og om mogleg utvikling.

I Kinn er byane Florø og Måløy knutepunkt. Desse sentrumsområda fungerer som knutepunkt ved at dei har samla publikumsretta private og offentlege tenestetilbod innanfor relativt korte avstandar. Her snakkar vi gjerne om «10-minuttsbyen». Byane Måløy og Florø og bygdene i Kinn er avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Kinn kommune har eit stort behov for omstilling, for at kommunen ikkje skal hamne i ein problematisk underskotssituasjon. Dette handlar også om å vere ein attraktiv kommune. Samfunnsdelen til kommuneplanen har målsettingar og tiltak for å møte det store omstillingsbehovet for kommunen.

I Kinn kommune har talet på barn i barneskule gått ned dei siste åra, og framtidige prognosar viser negativ elevtalsutvikling. Om få år kan det vere om lag 200 færre barn i barneskulane våre. Samtidig viser framtidig demografi at tal eldre aukar kraftig.

Det er ulik bruk av skulebygga etter skule- og SFO-tid, noko som er tatt med i vurderinga. Fritidsaktivitetar er i større grad enn tidlegare frikopla frå nærskulen. Barn og unge deltek i fritidsaktivitetar og knyter kjennskap på tvers av skulekrinsane.

Både i Måløy- og Florødelen vil endringar i skulestrukturen føre til at fleire må ha skuleskyss, men mange vil framleis kunne gå eller sykle til skulen. Nye skyssmåtar vil vere innanfor det som er definert som akseptabel reisetid, og elevane sin rett til leik og fritid vil i liten grad verte råka. Endring i skulestrukturen vil også mest sannsynleg gje eit betre kollektivtilbod i nokre av områda, utanom i skuleferiane.

Dersom det blir gjort vedtak som inneber skulebyte, vil det vere ei omstilling som må sikrast med gode overgangsprosessar for dei borna det gjeld. Det må vurderast om tiltak for å sikre trygg skuleveg må gjennomførast.

I skulen ser ein at det kan bli ei utfordring å rekruttere lærarar mellom anna pga. at det vert utdanna færre lærarar, og at utdanninga er meir fagspesifikk med auka kompetansekrav med profesjonsfelleskap som også tek i vare kravet til tverrfagleg samarbeid. Vi må kunne tilby større moglegheit for å undervise i faga dei har kompetanse i. Områdeplanen legg til rette for læringsmiljø og undervisningsareal tilpassa moderne pedagogiske prinsipp for undervisning. Dette krev ei endring i strukturen ved at vi kan prioritere færre skulebygg som må oppgraderast og vedlikehaldast.

Om lag halvparten av kapasiteten i skulebygga våre vert utnytta. Samtidig er det eit stort vedlikehaldsetterslep på enkelte av skulebygga. Kinn kommune har høg gjeld og må ta omsyn til dette ved val av alternativ.

Forsking viser ein svak samanheng mellom kvalitet i skulen og storleik på skulen. Verken trivsel på skulen eller mobbing kan forklarast ut frå storleiken på skulen. Det finst heller ikkje forsking som seier at flytting av elevar fører til dårlegare læringsresultat.

Dersom ein ikkje gjennomfører tiltak kan ein kome i ein situasjon der Kinn kommune har ein økonomiplan som ikkje er i samsvar med kommunelova §14-1 om økonomisk bereevne. Økonomiplanen har vedteke nedtrekk i rammene til grunnskule som ikkje kan gjennomførast utan at drifta vert i strid med opplæringslova, dersom alle skulane skal oppretthaldast.

### **Vurderingar:**

Når ein vektar faktorane i utgreiinga mot kvarandre, gir alternativ 3 i Florø og alternativ 8 i Måløy best tilpassing av ressursane, med færrast mogleg samfunnsmessige og velferdsmessige tap. Dette inneber for Florø-delen at skulane Florø barneskule, Torvmyrane skule og Brandsøy skule vert vidareført. Krokane skule vert lagt til Florø barneskule og Torvmyrane. I Måløy-delen foreslår ein å vidareføre Skram skole og Skavøypoll skule, der Raudeberg skule vert lagt til Skram skole.

Kommunedirektøren tilrår å legge dokumentet ut til høyring som eige dokument. Ved vedtak av samfunnsdelen må ein ta stilling til ev. strukturtiltak.

---

## **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Alternativt framlegg til vedtak: , foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

1) Kommunestyret legg «grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar» ut til offentleg høyring snarast mogleg, og med høyringsfrist 31. august. Kommunedirektøren skal sørge for breie medverknadsprosessar i høyringsperioden, slik at ein er sikker på at berørte interesser får kome med sine innspel.

2) Parallelt med høyringa skal Kinn kommune arbeide med korleis ein kan bruke areala som i dag er Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule på ein måte der ein utviklar nærområdet og motverkar negative effektar av ev. bortfall av skuledrift. Formålet er å bidra til vekst og utvikling gjennom ein framtidsretta aktivitet og bruk av areala (og ev. anna nærliggande areal), dersom konklusjonen etter høyring mv. skulle vere å legge ned den respektive skulen.

3) Kommunestyret delegerer til tre politiske arbeidsgrupper (ei gruppe for kvar skule/område) å følgje opp arbeidet nevnt i punkt 2 i det vidare på vegne av kommunestyret. Det skal vere tre-fem politikarar i kvar gruppe. Kommunedirektøren skal bistå gruppene i deira arbeid.

4) Gruppene skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det samstundes ligge føre konkrete tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn.

5) Val til arbeidsgrupper:

Forslag fra Arbeiderpartiet, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

1) 1) Kommunestyret legg «grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar» ut til offentleg høyring snarast mogleg, og med høyringsfrist 31. august. Kommunedirektøren skal sørge for breie medverknadsprosessar i høyringsperioden, slik at ein er sikker på at berørte interesser får kome med sine innspel.

2) Parallelt med høyringa skal Kinn kommune arbeide med korleis ein kan bruke areala som i dag er Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule på ein måte der ein utviklar nærområdet og motverkar negative effektar av ev. bortfall av skuledrift. Formålet er å bidra til vekst og utvikling gjennom ein framtidsretta aktivitet og bruk av areala (og ev. anna nærliggande areal), dersom konklusjonen etter høyring mv. skulle vere å legge ned den respektive skulen.

3) Kommunestyret delegerer til Plan- og miljøutvalget å følgje opp dette arbeide i det vidare på vegne av kommunestyret.

4) Plan- og miljøutvalet skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det lagast konkrete planar og tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn kommune.

Subsidiært alternativt framlegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

1) Kommunestyret legg «grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar» ut til offentleg høyring snarast mogleg, og med høyringsfrist 31. august. Kommunedirektøren skal sørge for breie medverknadsprosessar i høyringsperioden, slik at ein er sikker på at berørte interesser får kome med sine innspel.

2) Parallelt med høyringa skal Kinn kommune arbeide med korleis ein kan bruke areala som i dag er Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule på ein måte der ein utviklar nærområdet og motverkar negative effektar av ev. bortfall av skuledrift. Formålet er å bidra til vekst og utvikling gjennom ein framtidsretta aktivitet og bruk av areala (og ev. anna nærliggande areal), dersom konklusjonen etter høyring mv. skulle vere å legge ned den respektive skulen.

3) Kommunestyret delegerer til formannskapet å følgje opp arbeidet nevnt i punkt 2 i det vidare på vegne av kommunestyret.

4) Formannskapet skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det samstundes ligge føre konkrete tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn. Formannskapet får fullmakt til å ev. opprette arbeidsgrupper for å gjere arbeidet meir grundig og effektivt, dersom ein finn det hensiktsmessig.

Alternativt punkt 4 i Venstre sitt forslag, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn  
SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

4) Formannskapet skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det lages konkrete planar og tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn.

Alternativt framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vert trekt.

Punkt 4 i subsidiært alternativt framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vert trekt.

Framlegg frå AP v/repr. Christensen vert trekt.

### **Røysting:**

Innstilling frå formannskapet falt med 0 røyster.

Subsidiært alternativt framlegg punkt 1-3 frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedteke.

Framlegg til alternativt punkt 4 frå SV v/repr. Olafsson samrøystes vedteke.

### **KOST- 059/25 Vedtak:**

1) Kommunestyret legg «grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar» ut til offentleg høyring snarast mogleg, og med høyringsfrist 31. august. Kommunedirektøren skal sørge for breie medverknadsprosessar i høyringsperioden, slik at ein er sikker på at berørte interesser får kome med sine innspel.

2) Parallelt med høyringa skal Kinn kommune arbeide med korleis ein kan bruke areala som i dag er Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule på ein måte der ein utviklar nærområdet og motverkar negative effektar av ev. bortfall av skuledrift. Formålet er å bidra til vekst og utvikling gjennom ein framtidsretta aktivitet og bruk av areala (og ev. anna nærliggande areal), dersom konklusjonen etter høyring mv. skulle vere å legge ned den respektive skulen.

3) Kommunestyret delegerer til formannskapet å følgje opp arbeidet nevnt i punkt 2 i det vidare på vegne av kommunestyret.

4) Formannskapet skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det lages konkrete planar og tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn.

## Behandling i Formannskapet 03.04.2025:

Alternativt framlegg til vedtak:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre  
Å gjere endringar i skulestrukturen er inngripande tiltak som vil få store samfunnsmessige konsekvensar som handlar om meir enn å få til ei hensiktsmessig skuledrift tilpassa endringar i elevtal. Når ein legg ned skular eller gjer endringar mellom skulane så kan det til dømes føre til endra busettingsmønster, trafikkmønster mv. Det igjen kan ha få konsekvensar for miljø, bustadbygging, tilflytting mv.

Spørsmålet om å legge ned Krokane skule er eit godt døme i så måte. I same område skal kommunen avvike drifta på Furuhaugane omsorgssenter (som skal flyttast til Albertatunet), det er fleire private initiativ med bustadbygging som er regulert, og mange andre kommunale funksjonar (bustader, asylmottak mv) har behov for modernisering. Kva effektar det kan ha for denne bydelen å legge ned skulen må ein ha klårskap i før ein avgjer dette i skulebruksplanen. Kva etterbruk ein konkret skal ha av bygg som skulle bli nedlagt er viktig å få klårskap i. Det har også kostnader ved seg å gjere slike endringar, som ikkje er synleggjort tilstrekkeleg. Kommunen må ha eit heilskapleg perspektiv på dette, både for økonomi og ønska samfunnsutvikling – samstundes som ein klarer å omstille drifta.

Formannskapet delegerer til oppvekst- og kulturutvalet å følgje opp denne saka vidare for å sikre at saka blir tilstrekkeleg opplyst slik at ein raskast mogleg kan sikre ei framtidsretta omstilling. Formannskapet føreset at utvalet sikrar brei involvering av interessentar knytt til dei potensielt berørte skulane mv. Når utvalet er nøgd med utgreiinga i tråd med det som her er skissert, og med tidlegare vedtak i same sakskompleks, vert saka å legge fram til formannskapet og så kommunestyret, etter først å ha vore handsama i oppvekst- og kulturutvalet. Kommunestyret skal vere organet som legg saka ut på høyring, for å sikre at det som vert lagt ut har ei best mogleg politisk forankring.

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt  
Viss forslag frå Nødseth faller.

Kommunestyret skal vere organet som legg saka ut på høyring, for å sikre at det som vert lagt ut har ei best mogleg politisk forankring.

Kommunedirektøren orienterer om saka.

### **Protokolltilførsel frå kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen, varsla under møtet, levert skriftleg:**

Viser til innlegg i formannskapet der kommunedirektøren tok forbehold om å komme med merknad til protokollen.

Kommunedirektøren orienterte om at rapporten dekkjer dei områda som fleirtalsvedtaket no har bede om vert greidd ut vidare. Det er synleggjort i rapporten, og teke omsyn til planleggingbehov av område som kan bli utan skule, og at det då må setjast av midlar til planlegging og etterbruk. Kommunedirektøren har orientert om utgreiingsomfanget i formannskapet 4. mars og 28. februar i oppvekst- og kulturutvalet. Det var også lagt opp til avklaringar 30. januar i formannskapet om omfanget på utgreiingane. På desse møta har det ikkje vore signalisert at vi skulle ha eit særskilt fokus på etterbruk av institusjonen Furuhaugane når denne skal nyttast til andre formål, noko som har vore kjent i fleire år. Underteikna vil også legge til at dette er tredje gong på litt over eitt år det blir lagt fram vurdering av skulestruktur utan at kommunale bustader og bygget på Furuhaugane har vore nemnde som særskilde objekt i drøfting av utforming og effekt på skulestrukturen.

Administrasjonen har gjennomført ei omfattande vurdering av samfunnstilhøva for kvart av områda med og utan skule kommunestyret har peika på. Samfunnstilhøva som inngår i områdevurderinga med/utan skule er m.a. infrastruktur og tilkopling, trafikksikkerheit,

reisetid og gang- og sykkelmoglegheiter, tryggleik og kriminalitet, bustadbygging og bustadmarknaden, næring og arbeidsplassar, levekostnader, kultur og service for alle sju områda (Krokane, Skavøypoll, Torvmyrane, Florø B, Brandsøy, Raudeberg, Skram). Utover dette er det vurdert investeringar/oppgradering av bygga, driftsøkonomi for skulane, kostnader til drift av skulebygg, skuleskyss, moglege kostnader ved riving/utfasing av bygg og tomtesalsinntekter for frigjorde areal.

Det er derfor ikkje rett at desse tilhøva ikkje er greidd slik kommunestyret bad om i sak 151/24. Formannskapet la eit løp 30. januar i år, knytt til revidering av økonomiplan til junimøtet der ein også kunne ta stilling til moglege endringar i skulestrukturen. Framover har kommunen store oppgåver med løpande drift og omstilling i alle sektorar. Oppgåver er også utsett i påvente av avklaring av skulestrukturen. Vi har derfor utfordringar med å prioritere arbeidet med oppfølging av vedtaket før det har gått ei tid. Vi skal også utarbeide 2. utkast til kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedirektøren har under møtet i dag, som det tidlegare også er orientert om, ein økonomiplan som utfordrar og inneber mogleg brot på kommunelova §14-1. Bestemmelsen krev at vi skal forvalte økonomien slik at vi har handleevne over tid. Dette går på tydeleg og realistisk gjennomføring av omstilling for å handtere stigande utgifter til rente og avdrag som følge av sterk opplåning dei neste åra.

### **Røysting:**

Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vedteke med 6 røyster (1 V v/Nødseth, 1 Raudt v/Henriksson, 1 FrP v/Refvik, 3 UAH v/Bratholmen, Berg og Brunsvik). Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet falt med 5 røyster (2 AP v/Teigen og Standal, 1 SV v/Olafsson, 1 SP v/Midtbø, 1 H v/Solheim-Olsen). Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson vart ikkje røysta over.

### **FORM- 046/25 Vedtak:**

Å gjere endringar i skulestrukturen er inngripande tiltak som vil få store samfunnsmessige konsekvensar som handlar om meir enn å få til ei hensiktsmessig skuledrift tilpassa endringar i elevtal. Når ein legg ned skular eller gjer endringar mellom skulane så kan det til dømes føre til endra busettingsmønster, trafikkmønster mv. Det igjen kan ha få konsekvensar for miljø, bustadbygging, tilflytting mv.

Spørsmålet om å legge ned Krokane skule er eit godt døme i så måte. I same område skal kommunen avvikle drifta på Furuhaugane omsorgssenter (som skal flyttast til Albertatunet), det er fleire private initiativ med bustadbygging som er regulert, og mange andre kommunale funksjonar (bustader, asylmottak mv) har behov for modernisering. Kva effektar det kan ha for denne bydelen å legge ned skulen må ein ha klårskap i før ein avgjer dette i skulebruksplanen. Kva etterbruk ein konkret skal ha av bygg som skulle bli nedlagt er viktig å få klårskap i. Det har også kostnader ved seg å gjere slike endringar, som ikkje er synleggjort tilstrekkeleg. Kommunen må ha eit heilskapleg perspektiv på dette, både for økonomi og ønska samfunnsutvikling – samstundes som ein klarer å omstille drifta.

Formannskapet delegerer til oppvekst- og kulturutvalet å følgje opp denne saka vidare for å sikre at saka blir tilstrekkeleg opplyst slik at ein raskast mogleg kan sikre ei framtidsretta omstilling. Formannskapet føreset at utvalet sikrar brei involvering av interessentar knytt til dei potensielt berørte skulane mv. Når utvalet er nøgd med utgreinga i tråd med det som her er skissert, og med tidlegare vedtak i same sakskompleks, vert saka å legge fram til formannskapet og så kommunestyret, etter først å ha vore handsama i oppvekst- og kulturutvalet. Kommunestyret skal vere organet som legg saka ut på høyring, for å sikre at det som vert lagt ut har ei best mogleg politisk forankring.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.04.2025:

Grunnlag blir sendt i retur konkretisering av avklaringer., foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Kinn kommune skal være ein attraktiv kommune å kome til, busette seg, trivast og ha det godt gjennom heile livsløpet. Med det demografiske bilete som ein ser i heile landet er det utfordrande å få til rett bruk av dei avgrensa resursane som er tilgjengeleg både organisk og økonomisk. Ja vi må tilpasse drift til framtidsprognosar, men samstundes må vi evne å skape levande lokalsamfunn der engasjement, deltaking i frivilligheit , 17-mai arrangement, juleverkstad med meir er viktige treffpunkt som er med på å bygge opp gode oppvekstvilkår, som og er til barns beste.

Kor er Krokane-prosjektet som skapte entusiasme lokalt og som gav alternative oppgåver for sårbare grupper, kordan vert etterbruken her om skulen leggst ned. Kva med mottaket på Solbakken, etterbruk av Furuhaugane og dei to barnhagane som ligg til skulen. Får området ein fornying som er sårt tiltrengt eller vert det før kalla utnamnet «Bangladesh» forsterka. Tilsvarande vurdering må ein gjere seg for dei andre skulane, kan til dømes deler av Torvmyrane skule transformerast til eit bufellesskap for eldre, unge, einslege og familiar som til dømes Vindmølleparken bufellesskap i Stavanger, <https://www.dibk.no/statens-pris-for-byggkvalitet/nominerte-2020/vindmollebakken-stavanger>, som kan fungere godt i eit fellesskap med barnehagen. Kan Barneskulen transformerast til bustadar for eldre og eventuelt omsorg. Vil dette gje landskapet rundt sjukehusomta meir opning og tilgang for allmenta til Storevatnet. Kva med engasjementet rundt Raudeberg, som til dømes deira initiativ og dugnadsarbeid om å få på plass eit basseng for opplæring. Kan dette i saman med andre tiltak, skap ny bulyst i området?

«Alt heng saman med alt» sa ei vis dame, slik er det også i samfunnsplanlegginga. Skal vi ha fleire hender i eldreomsorgen og fleire lærarar, må vi og ha gode buforhold og omgjevnadar, i tillegg til arbeidsplassar for alle.

Vi vil derfor fremme følgjande vedtak:

Kommunestyret hadde i vedtak den 16 desember krav til grunnlag for områdeplanar. Etter vårt syn treff ikkje utgreiinga som ligg til grunn i sakane 025/25 og 026/25 i OK-utvalet 1 april 2025.

Vi vel derfor å sende sakane tilbake med følgjande krav til utgreiing og tidfesting.

- Kva er trafikkmønsteret i Kinn kommune. Spesielt i området rundt Måløy/Raudeberg/Deknepollen og Florø-landet, og med særskilt vekt rundt transportform og rute til/frå arbeid. Medrekna og eventuell levering/henting av barn og andre gjeremål som handling. Kordan vil ein endring i skulestruktur endre dette mønsteret i positiv/negativ retning. Kartlegging kan gjennomførast via trafikksteljing og spørjeundersøking i kombinasjon. Frist for ferdig utgreiing august 2025.
- Trygg skuleveg til og frå dei ulike objekta både som syklande, gåande og privat med bil, gjeve dei ulike alternativa over. Frist for ferdig utgreiing august 2025.
- Er det laga tilstrekkeleg med dropsone for dei ulike alternativa(skulane) og spesielt for Florø Barneskule i aust. Frist for ferdig utgreiing august 2025.
- Vil ein omlegging av skulestruktur(gitt ulike alternativ) være eit positivt/negativt bidrag til kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslepp. Vurdering skal dokumenterast utgreiing og CO2-rekenskap, inkludert eventuell biltransport. Punkt kan samanhaldast mot kulepunkt over. Frist for ferdig utgreiing august 2025.
- I kva for områder ser ein for seg mogleg utbygging og utvikling av bustadar og høghus dei neste åra, og i kva for område ligg det inne restriksjonar som hindrar den type utvikling. I tillegg må det kartleggast demografisk utvikling i dei ulike områda. Til dømes vil det bu fleire eldre i sentrumsområda. Frist for ferdig utgreiing august 2025.
- Kvar bur det sårbare barn som treng ekstra merksemd, risikoanalyse og konsekvens ved eventuell nedlegging av skule. Frist for utgreiing august 2025.
- Ved dei ulike skulane skal det gjennomførast mogleighetsstudie der ein ser på og visualiserar ulike alternativ som med og utan skule eller mellomstor skule. Studie må og ta for seg om bygga eventuelt kan tranformerast til andre føremål som til dømes eldreboligar. Både i dag og eventuelt i eit 50 års perspektiv. Studie skal og inkludere nærområda rundt som til dømes Krokane vest med mottak for innvandrarar, nedlagt

sjukeheim, barnehagar, butikkar og andre tenester, eller som nytt småskala symjebasseng på Raudeberg. Frist for ferdig utgreiing 1 januar 2026

- Utgreiing av uteareal må kome fram i analyse, - dette tilfredsstillande mot krav? Frist for ferdig utgreiing 1 januar 2026.
- Alle utgreiingar og moglegheiter over skal ha økonomisk oversikt som inneheld spesifikasjon og areal ihht NS 3453. Kostnadane må og ta for seg etterbruken av områda, for eksempel transformasjon til bustadar og friområde. Frist for ferdig utgreiing 1 januar 2026

Vi ønsker i det fortsatt skal være brei involvering av FAU ved dei ulike skulane, ved sida av utvala i Kinn kommune.

Kommunedirektøren orienterte og svara på spørsmål.

#### **Røysting:**

Famlegg frå Venstre v/repr. Eliasson, på vegne av Venstre, Raudt og KrF vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke med 4 røyster (1 AP v/Ness, 2 H v/Kvalheim og Mortensen, og 1 SP v/Halsne).

#### **OPKUV- 026/25 Vedtak:**

Formannskapet legg Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar ut til offentleg høyring i perioden 4. april til 9. mai.

#### **Vedlegg i saken:**

Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar  
Utkast til områdevurdering, presetasjon i OK 25.mars



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 054/25  | Formannskapet | 08.05.2025 |
| 060/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Florø hamn Kinn kommune KF - Revidert investeringsbudsjett 2025 (i samband med avtale om ny veg i Gunhildvågen)

### KOST- 060/25 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn vert vedteke slik det ligg føre. Ein oppmodar partane (som har signert intensjonsavtalen) til at ein konkurranseutset arbeidet med etablering av veg.

### Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.05.2025

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn vert vedteke slik det ligg føre. Ein oppmodar partane (som har signert intensjonsavtalen) til at ein konkurranseutset arbeidet med etablering av veg.

### Innstilling:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn vert vedteke slik det ligg føre.

Ein oppmodar partane (som har signert intensjonsavtalen) til at ein konkurranseutset arbeidet med etablering av veg.

---

### Bakgrunn for saka:

Næringsaktørane og grunneigarane i Gunhildvågen har blitt samde om ein intensjonsavtale for å sikre vegløyning til området. Tiltaket ligg utanfor eksisterande budsjetttrammer for Florø hamn, og treng budsjettendring for å gjennomførast.

### Saksopplysningar:

#### Intensjonsavtale om vegløyning i Gunhildvågen

23.05.2024 vedtok kommunestyret i sak 063/24 utgreiing knytt til næringsareal i Gunhildvågen samt kommenterte naudsynt vegløyning i området. I ettertid har det blitt vedtatt ein detaljreguleringsplan som regulerer offentleg veg.

Kommunedirektøren har samla partane i området, inkludert grunneigarar, og mellom anna jobba med ny vegløyning. Dette har resultert i vedlagte intensjonsavtale som skal sikre betre vegløyning i Gunhildvågen. Ny veg er kritisk for tryggleiken og veksten til aktørane i området. Aktiviteten til næringsaktørane i Gunhildvågen gir auka eksport sjøvegen. Arbeidet som resulterte i vedlagte intensjonsavtale er handsama i hamnestyret

i to omgangar; 29.01.2025 HSTY 006/25 og 19.03.2025 HSTY 014/25. Intensjonsavtalen er endra noko sidan 19.03, med justering i ordlyden enkelte stader samt at Linja ikkje inngår som part i avtalen.

Hamnestyret vedtok den 19.03 at dei ønskja ei juridisk vurdering av avtalen, då særskild mtp. hamne- og farvasslova og offentlege anskaffingar. Deloitte har gjort ei juridisk vurdering som ligg ved saka. Der er det ei tredelt vurdering; hamne- og farvasslova, offentlig anskaffing og momsregelverket, og det er viktig moment å ta med vidare når endeleg avtale skal landast. Det er juridisk kompetanse internt i kommunen som har utarbeida intensjonsavtalen. På spørsmål frå hamnestyret om det er rett å forfordle ein entreprenør utan utlysing, understrekar kommuneadministrasjonen at det ikkje er snakk om at Kinn kommune skal tildele oppdraget med utbygging av veg i Gunhildvågen til ein entreprenør (Ullaland). Her er det eventuelt Ullaland som skal vere i førarsetet i samband med utbygging av veg etter ynskje/avtale mellom aktørane som er berørt av rekkefølgjekravet i reguleringsplan. Deretter ei utbyggingsavtale om at kommunen overtar vegareal når denne er ferdigstilt.

Kommunedirektøren informerer om at kommunestyret har i sak 007/25 vidareført tidlegare løyving til utbyggingsavtale som dette slik at det er sett av midlar til kommunen sin andel. Tilsvarande gjeld for andel som Vann- og avløp. Kommunen vil overta vegen til drift og vedlikehald når denne er ferdigstilt.

#### Revidert investeringsbudsjett

Florø hamn har ikkje budsjettdekning til å inngå intensjonsavtalen. Det trengs difor ei budsjettendring. Tiltaket er kostnadsberekna til ca 3,7 mill kr eks mva + ekstrakostnader (sjå spesifikk kostnadskalkyle vedlagt). Det ligg inne 1 mill kr til offentlig veg i investeringsbudsjettet for 2025, og den vert no foreslått endra til kr 5 mill kr. Endringa er foreslått lånefinansiert. I samband med utarbeiding av regulativ (prisliste) for 2026 vil ein vurdere å auke varevederlag, evt. kaivederlag, tilsvarande ekstrakostnadane knytt til tiltaket medfører.

#### **Vurderingar:**

For ytterlegare vurderingar syner hamnesjefen til sak HSTY 014/25 og HSTY 006/25. Begge lagt ved som vedlegg.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

#### **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

---

### **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

#### **Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

#### **KOST- 060/25 Vedtak:**

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn vert vedteke slik det ligg føre. Ein oppmodar partane (som har signert intensjonsavtalen) til at ein konkurranseutset arbeidet med etablering av veg.

### **Behandling i Formannskapet 08.05.2025:**

Innstilling Florø Hamn KF - 28.04.2025, foreslått av ,  
Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn vert vedteke slik det ligg føre. Ein oppmodar partane (som har signert intensjonsavtalen) til at ein konkurranseutset arbeidet med etablering av veg.

**Røysting:**

Innstilling frå Florø Hamn samrøystes vedteke.

**FORM- 054/25 Vedtak:**

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn vert vedteke slik det ligg føre.  
Ein oppmodar partane (som har signert intensjonsavtalen) til at ein konkurranseutset  
arbeidet med etablering av veg.

**Vedlegg i saken:**

Revidert investeringsbudsjett 2025 pr april

Juridisk vurdering intensjonsavtale Gunhildsvågen - 24.04.2025 - Deloitte

Intensjonsavtalen

Oversikt vegareal, vedlegg til intensjonsavtalen


Oversikt over kostnader, vedlegg til intensjonsavtalen

Handsaming i hamnestyret 28.04.2025 - HSTY 016/25 - Florø hamn Kinn kommune KF -

Revidert investeringsbudsjett 2025 (i samband med avtale om ny veg i Gunhildvågen)

Ny veg i Gunhildvågen - oppfølgingssak, HSTY 014/25

Næringsareal og ny veg i Gunhildvågen, HSTY 006/25



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 056/25  | Formannskapet | 08.05.2025 |
| 061/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgåvefellesskap

### KOST- 061/25 Vedtak:

Saka vert utsett. Det må framforhandlast ein avtale som rettar opp feil i punkt 10. I forhandlingane skal ein og vurdere formuleringane i punkt 7 og 9 i avtalen.

### Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.05.2025

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap.
2. Kinn kommune vel ordførar og Arlene Vågane til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO. Vara vert varaordførar og Anita Eikevik.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap.
2. Kinn kommune vel \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

---

### Bakgrunn for saka:

Det følger av § 7 i *forskrift 4. januar 2022 nr. 10 om kommunal beredskap mot akutt forurensning* at alle kommunar skal delta i interkommunalt samarbeid mot akutt forureining.

Det interkommunale samarbeidet skal opprettast i høve lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 19 eller lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-loven).

IUA Sogn og Sunnfjord vart oppretta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova.

Fristen for omdanning til en lovleg samarbeidsform (kommunalt oppgavefellesskap eller interkommunalt selskap) er fire år etter at den nye kommunelova trådte i kraft, noko som skulle vore gjort hausten 2023.

### Saksopplysningar:

IUA Sogn og Sunnfjord region KO dekker følgende kommunar:

- Aurland
- Askvoll
- Fjaler
- Høyanger
- Kinn
- Luster
- Lærdal
- Sogndal
- Sunnfjord
- Vik
- Årdal

Årsmøtet i IUA Sogn og Sunnfjord region etablerte IUA Sogn og Sunnfjord region KO den 13. juni 2024 gjennom følgjande vedtak:

- «1. Årsmøtet vedtar å omdanne IUA Sogn og Sunnfjord region til et interkommunalt oppgåvefellesskap innan våren 2025.
2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med utgangspunkt i dagens vedtekter.
3. Samarbeidsavtalen skal legges frem for kommunestyrene i samtlige deltakerkommuner for godkjenning.»

Årsmøtets møteleiar poengterte overfor årsmøtet at samarbeidsavtalen som styret utarbeider ikkje skal tilbake til årsmøtet, men direkte ut til deltakarkommunane for behandling der.

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefellesskap, skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet.

Samarbeidsavtalen skal som eit minimum fastsetje:

- a) namn på oppgåvefellesskapet
- b) om oppgåvefellesskapet er eige rettssubjekt
- c) kor mange medlemmer den enkelte deltakaren skal ha i representantskapen
- d) kva oppgåver og kva mynde som er lagt til oppgåvefellesskapet
- e) deltakarane si plikt til innskot og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefellesskapet
- f) den enkelte deltakaren sin eigarandelen i oppgåvefellesskapet og ansvarsandel for fellesskapet sine forpliktingar dersom ansvarsandelen avviker frå eigarandelen
- g) om oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å ta opp lån
- h) kva oppgåvefellesskapet skal rapportere til deltakarane om
- i) korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefellesskapet
- j) korleis oppgåvefellesskapet skal oppløysast, blant annet kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapet sine arkiv blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet er oppløyst

Vedlagt følgjer samarbeidsavtale for IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

Under utarbeidinga av samarbeidsavtalen har sekretariatet innhenta erfaringar frå andre IUA og ein del øvrige samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefellesskap. KS Advokatene og Kystverket har gitt råd, mellom anna for å sikre at samarbeidsavtalen tek tilstrekkeleg omsyn til skilnaden i storleik på deltakarkommunane våre.

Styret i IUA Sogn og Sunnfjord region behandla forslaget til samarbeidsavtale i møte 10. desember 2024, og fatta følgjande einstemmige vedtak:

«Styret godkjenner samarbeidsavtalen for IUA Sogn og Sunnfjord region KO, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakerkommunene for godkjenning i

kommunestyrene. Mal for saksfremstilling skal legges ved samarbeidsavtalen ved utsendelse til deltakerkommunene for å sikre at det blir fattet likelydende vedtak i alle kommunene.»

Det blir samtidig bede om at kommunane vel representant og vararepresentant til representantskapet i IUA Sogn og Sunnfjord region KO, etter samarbeidsavtalen punkt 7. Kinn kommune skal velje to representantar til representantskapen.

Den gamle avtalen for IUA Sogn og Sunnfjord var godkjent av Flora bystyre 22.06.1998, men det er kun siste sida som er tilgjengeleg i arkivet.

#### **Vurderingar:**

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Kommunane er bedne om å prioritere saka slik at kommunestyra kan fatte vedtak før sommaren 2025.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Omdanninga av IUA Sogn og Sunnfjord region frå eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

«Skriv her»

---

### **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt

Avtalen må endrast på følgande punkt:

1. I punkt 7 skal kravet til antall som krevst for å kalle inn til ekstraordinært representantskapsmøte endrast frå 7 representantar til 1/3 av medlemmane
2. I punkt 9 skal det endrast frå loddrekning til at det er møteleiar si stemme som skal vere avgjerande ved stemmelikskap
3. I punkt 10 skal ordlyden når det gjeld dagleg leiar vere: « Brannsjefen i administrasjonen, eller den han peikar ut i sin stad, er dagleg leiar for IUA Sogn og Sunnfjord region KO»

Utsetting, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Saka vert utsett. Det må framforhandlast ein avtale som rettar opp feil i punkt 10. I forhandlingane skal ein og vurdere formuleringane i punkt 7 og 9 i avtalen.

#### **Røysting:**

Innstilling frå formannskapet vart ikkje røysta over.

Framlegg frå Raudt v/repr. Oldeide vart ikkje røysta over.

Utsetjingsframlegg frå FrP v/repr Djuvik samrøystes vedteke.

#### **KOST- 061/25 Vedtak:**

Saka vert utsett. Det må framforhandlast ein avtale som rettar opp feil i punkt 10. I forhandlingane skal ein og vurdere formuleringane i punkt 7 og 9 i avtalen.

### **Behandling i Formannskapet 08.05.2025:**

Framlegg punkt 2, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Kinn kommune vel ordførar og Arlene Vågene til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO, med varaordførar og Anita Eikevik som vara

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.  
Framlegg frå valnemnda v/leiar Djuvik samrøystes vedteke.


**FORM- 056/25 Vedtak:**

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap.

2. Kinn kommune vel ordførar og Arlene Vågane til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO. Vara vert varaordførar og Anita Eikevik.

**Vedlegg i saken:**

Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forureining Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap (006)



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 057/25  | Formannskapet | 08.05.2025 |
| 062/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7 DNT Sogn og Fjordane

### KOST- 062/25 Vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Flora Turlag (org.nr. 987735805), blir imøtekomen. Dette gjeld gbnr 28/111.

### Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.05.2025

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Flora Turlag (org.nr. 987735805), blir imøtekomen. Dette gjeld gbnr 28/111.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Flora Turlag (org.nr. 987735805), blir imøtekomen. Dette gjeld gbnr 28/111.

---

### Bakgrunn for saka:

DNT Sogn og Fjordane stiftelse, har søkt om fritak frå eigedomsskatt for 2025 for eigdommen på Gbnr 28/111 i Kinn Kommune.

### Saksopplysningar:

Det kan gjevast fritak for eigedomsskatt etter søknad for organisasjonar som driv ideell, frivillig og ikkje forretningsmessig verksemd.

Heimel for dette finn vi i §7a i Eigedomsskattelova: «Eigedom åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten».

DNT skriv sjølv i sin søknad:

DNT Sogn og Fjordane og Flora Turlag har stor aktivitet i området. Til dømes sti merking og tilrettelegging av løyper som alle kan bruke.

Laget sitt føremål er å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv og å arbeide forsikring av friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag.

Naustet vil fremje interesse for vatn aktivitet som kajakkpadling til dømes, og eit tilbod som dette vil også fremje bu lyst og trivsel for folk som bur i området.

DNT Sogn og Fjordane søkjer om fritak då heile vår organisasjon med underledd er tufta på frivillig innsats og at aktiviteten kjem befolkninga til gode.

**Vurderingar:**

I rekneskapet for 2022 viser det at lønningskostnaden er på kr 897 021. DNT Sogn og Fjordane, har eit ideelt formål og vert driven på frivillig basis. Det er likevel ein organisasjonssekretær i 100% stilling, ein DNT-ung-medarbeidar i 50% stilling og ein prosjektmedarbeidar i 40% stilling som mottar lønn. Til tross for dette er det ein stor frivillig organisasjon som tek sikte på å gagne både barn og vaksne i Kinn kommune.

Det er ulike årsaker til at det blir betalt ut løn i ein frivillig organisasjon – sjølv om mykje arbeid blir gjort av frivillige. Her er nokre av grunnane:

Store eller komplekse organisasjonar, som DNT med over 300 000 medlemmar på landsbasis og 8 000 medlemmar i Sogn og Fjordane - treng tilsette for å sikre stabil drift, fagleg kompetanse og langsiktig utvikling. Det er til blant anna administrasjon, økonomi, kommunikasjon eller prosjektleiing. Frivillige kjem og går, men tilsette gir kontinuitet og syt for at viktige funksjonar blir tekne hand om kvar dag.

Ein organisasjon har juridiske og økonomiske forpliktingar – som rekneskap, rapportering og avtalar. Slike ting krev gjerne profesjonell handsaming. DNT får støtte frå stat, kommune eller fond – og det er krav om at midlane blir brukte til løna stillingar for å sikre kvalitet og framdrift i prosjekt.

Ein vurderer at DNT Sogn og fjordane, er til gagn for Kinn kommune.

**Økonomiske konsekvensar:**

Eigedomsskatten i 2025 for eigedommen gbnr 28/111 er kr 1 644.

Ved evt. fritak av denne eigedommen vil eigedomsskatten reduserast med kr 1 644 per år (med promillesats 3,3).

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

Eigedomsskattelova § 7.

---

**Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Ordførar Solheim-Olsen (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då han sit i styret for DNT. Kommunestyret vedtek samrøystes ordføraren som inhabil, jf. forvaltningslova § 6 e, og han fråtrer i denne saka. Morten Mortensen stiller som vara. Varaordførar Djuvik tiltrer som møteleiar i denne saka.

**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

**KOST- 062/25 Vedtak:**

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Flora Turlag (org.nr. 987735805), blir imøtekomen. Dette gjeld gbnr 28/111.

**Behandling i Formannskapet 08.05.2025:**

Tillegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre  
Søknader om fritak frå eigedomsskatt frå juridiske personar som ikkje er enkeltpersonar, skal ikkje handsamast unnateke offentlegheit.

Ordførar Solheim-Olsen (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då han sit i styret for DNT. Formannskapet vedtek samrøystes ordføraren som inhabil, jf. forvaltningslova § 6 e, og han fråtrer i denne saka. Ingen vara.  
Varaordførar Djuvik tiltrer som møteleiar i denne saka.

SV v/repr. Olafsson og Venstre v/repr. Nødseth stiller spørsmål om kvifor vedlegga er unnateke offentlegheita, når dette ikkje er enkeltpersonar.

Kommunedirektøren svarar at administrasjonen skal sjekke ut dette, og dersom det ikkje er grunnlag for at dei vedlegga skal vere unnateke offentlegheita, så endrar ein praksis framover.

Formannskapet vedtek samrøystes at slike vedlegg som eit prinsipp skal vere offentlege framover, så fremt det ikkje er heimeleg for å unnta dei.

**Røysting:**


Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedteke.  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**FORM- 057/25 Vedtak:**

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Flora Turlag (org.nr. 987735805), blir imøtekommen. Dette gjeld gbnr 28/111.

**Vedlegg i saken:**

Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7  
Vedtekter rev 29.1.23  
Årsrekneskap 2022 med noter  
Registerutskrift oktober 2023  
metadata\_Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7  
SV Søknad om fritak frå eskatt etter § 7



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 052/25  | Formannskapet | 08.05.2025 |
| 063/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

## Avhending av skulehusbygget på Askrova

### KOST- 063/25 Vedtak:

Formannskapet godkjenner at skulehusbygget på Askrova blir seld for kr. 1 til Flora Turlag. Det må leggjast inn ein klausul om at bygget ikkje blir vidareseid på det kommersielle markedet innanfor ein 10 års periode.

Kinn kommune oppgraderer bygget for kr. 700 000 eks mva, før det blir seld. Finansiering blir å komme tilbake til i sak om revidert budsjett.

### Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.05.2025

Formannskapet er positiv til at Flora turlag får kjøpe skulehuset på Askrova for kroner 1. Då det er kommersielle interesser som har kontakta kommunen med ynskje om å kjøpe eigedomen ber formannskapet om at kommunedirektøren undersøker denne interessen og oppdaterer saka til kommunestyret si handsaming av saka.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at skulehusbygget på Askrova blir seld for kr. 1 til Flora Turlag. Det må leggjast inn ein klausul om at bygget ikkje blir vidareseid på det kommersielle markedet innanfor ein 10 års periode.

Kinn kommune oppgraderer bygget for kr. 700 000 eks mva, før det blir seld. Dette arbeidet blir finansiert av posten «strategiske arealkjøp».

---

### Bakgrunn for saka:

Askrova bygdelag, Kinn kommune og etter kvart Flora turlag har over tid arbeid med å finne ei løysing for positiv bruk av skulebygget på Askrova. Det har i prosessen vore ein konstruktiv dialog.

Saka blir lagt fram for politisk godkjenning pga. at teknisk verdig på bygget er godt over kommunedirektøren si fullmaktsgrense på kr. 6 mil for kjøp og sal. Vidare kan ei slik løysing som det blir gjort framlegg om i saka, vurderast til å vere av prinsipiell karakter. Dvs. i praksis å gje bort kommunal eigedom.

### Saksopplysningar:

Bygget er frå 1990, og er på 378 kvm

Nedanfor er eit utdrag frå oppsummeringa av tilstandsrapporten for bygget.

«Bygget er å anse som ett eldre bygg uten jevnlig tilsyn, dvs. at det kan være skjulte forhold i konstruksjonen som ikke er videre avklart eller avdekket fra befaringen.

Ny eier må forstå risikoen ved å overta ett bygg som ikke har vært brukt på flere år. Bl.a. er det ikke strøm eller varme i bygget.

Dette vil kunne ha betydning ift. yttervegger og væromslag mtp. bl.a. kondensering inni vegg-livet o.l.

Bygget trenger en del vedlikehold og tiltak. bl.a. er utvendig kledning modent for overflatebehandling.

Torvtak har i utgangspunktet mange små trær som kan skade takkonstruksjonen dersom røttene får grodd seg inn i konstruksjoner.

Videre er det avdekket fuktproblematikk i u.etg./kjeller som ny eier må forvente en kostnad på. Avviket kan indikere at fukten kan ha en relevansen ift. Drenering.....».

Årsmøte i Askrova Bygdelag/grandalag har gjort følgjande vedtak, som en føresetnad for at bygget kan seljast for 1 kr. til Flora turlag:

Kinn kommune er innstilt på å pusse opp bygget for kr 700 000,- + mva.

Kinn kommune er innstilt på å selge bygget for kr 1,- til Flora Turlag/ Sogn og Fjordane Turistforening.

I salgskontrakten til Flora Turlag vil det bli lagt inn en forutsetning om at Askrova bygdelag skal ha rett, men ikke plikt til å kjøpe skolehuset fra Flora turlag til verditakst hvor turlaget blir kompensert for oppgraderinger dersom turlaget i fremtiden ønsker å selge bygget.

Dersom private ønsker å kjøpe bygget til bolig/utleie er det ikke aktuelt for kommunen å bidra med overnevnte beløp på kr 700 000 + mva. Bygget må da søkes omregulert fra offentlig formål og solgt til høystbydende.

Det er laga ulike rapportar i prosessen som dokumenterer tilstanden på bygget på ein god måte. Desse rapportane er nytta i dialogen mellom grendalag, turlaget og kommunen. Vedlagte rapporter utdjupe tekniske forhold ved bygget.

### **Vurderingar:**

Administrasjonen er godt nøgd med å kunne leggje fram ei sak om avhending av kommunalt bygg, som ikkje lenger er i bruk. Administrasjonen er i dialog med grendalag på 4 – 5 plassar om kva gamle skulebygg/anlegg skal nyttast til. Det kan vere ulike modellar, på ulike plassar, som er tenleg. I dette tilfellet har ein i dialogen kome fram til at turlaget kan nytte anlegget til si verksemd. Dvs. overnatting og samlingar etter vanleg turistforeningsmodell. Dette vil gje ei god marknadsføring av Askrova og området, samtidig som det gjer aktivitet på øya som stimulerer anna næringsliv, butikken mm.

Det er grendalaget og turlaget som har «funne kvarandre» og kome fram til ein modell. Administrasjonen meiner det vil vere kurrant å gjennomføre eit sal, der premissane frå vedtaket i Askrova grendalag blir teke i vare.

Det er i den semja, som ein er kome fram til naudsynt at kommunen bruke pengar før bygget blir avhenda. Likevett er det økonomisk gunstig, alternativet er at kommunen må bruke vesentleg meir på bygget dei kommande åra, viss det ikkje skal forfalle heilt.

Dei siste år har kommunen nytta om lag kr. 75 000 pr. år til drift av bygget. Dvs litt varme, forsikringar og andre mindre ting. Dette er på langt nær tilstrekkeleg for å halde

opp bygget sin kvalitet. Etter kvart som forfallet auke, vil kostnadane med å ta igjen, eller oppgradere bygget bli vesentleg høgare. I eit lengre perspektiv vurderer kommunedirektøren det som økonomisk gunstig å avhende bygget, sjølv om vi må ut med eit beløp for oppgradering, som ein del av prosessen med å avhende bygget. I ein dialog mellom partane og basert på ei tekniske rapportane/vurderingane som er gjort av bygget er det ei semje om at kommunen gjer jobbar med oppgradering innanfor ei ramme på kr. 700 000, eks mva. Kva som skal gjerast blir bestemt i eit samarbeid mellom partane. Målet er å få bygget opp på ein slik stand at det kan takast i bruk igjen. Dette inneberer mellom anna tiltak knytt til vassforsyning, ventilasjon og elektro.

Flora turlag planlegg å oppgradere bygget vidare ved hjelp av eigne midlar og tilskotsmidlar. Mellom anna spelemidlar.

Kommunedirektøren meiner det er riktig å avhende bygget på denne måten til ein ideell organisasjon. Alternativt kunne bygget vore lagt ut på i den opne marknaden for sal. Kommunedirektøren meiner det ikkje er riktig å gjere, så lenge det ligg føre ein lokal vilje til å drifte bygget på ideell basis, slik denne saka legg opp til. I salskontrakten må kommunen sikre seg at bygget ikkje blir seld vidare på den opne marknaden, innanfor ein tidshorisont. Kommunedirektøren gjer framlegg å sikre dette i ein 10 års periode.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Kommunen må gjere ei investering i bygget før det kan avhendast slik saka no ligg. Kommunedirektøren meiner det riktig å finansiere dette frå investeringsprosjektet «strategiske arealkjøp. Pr april er det regnskapsført 6,5 mil kr minus på denne kontoen. Det går føre kjøp og sal jamleg. Sak om kjøp og sal til formannskapet 8 mai, gjer nærare greie for dette. Mellom anna blir lagt opp til å selje 10 – 20 bustadeiningar i løpet av året. Vedtaket i kommunestyret er at dette prosjektet skal gå i balanse i løpet av året. Kommunedirektøren meiner det er grunn til å anta at det er mogleg å få dette prosjektet til å gå i minimum balanse i løpet av året. Dette inklusive bruk av kr. 700 000 til Askrova skule.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

---

### **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Forslag fra AP, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti  
Formannskapet godkjenner at skulehusbygget på Askrova blir seld for kr. 1 til Flora Turlag. Det må leggjast inn ein klausul om at bygget ikkje blir vidareseid på det kommersielle markedet innanfor ein 10 års periode.

Kinn kommune oppgraderer bygget for kr. 700 000 eks mva, før det blir seld.  
Finansiering blir å komme tilbake til i sak om revidert budsjett.

Ordførar Solheim-Olsen (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styreleiar for Flora Turlag, som er part i saka.

Kommunestyret vedtek samrøystes ordføraren som inhabil, jf. forvaltningslova § 6 e, og han fråtrer i denne saka. Repr. Morten Mortensen (H) tiltrer som vara.

Varaordførar Djuvik tiltrer som møteleiar i denne saka.

Representant Svardahl (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styremedlem i Askrova grendalag, som er part i saka.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter forvaltningslova § 6 e.

Kommunestyret vedtek samrøystes repr. Svardahl som inhabil, jf. forvaltningslova § 6 e, og han fråtrer i denne saka. Ingen vara.

#### **Røysting:**

Framlegg frå AP v/repr. Christensen til punkt 1 samrøystes vedteke.

Framlegg frå AP v/repr. Christensen til punkt 2 vedteke mot 5 røyster frå FrP.

**KOST- 063/25 Vedtak:**

Formannskapet godkjenner at skulehusbygget på Askrova blir seld for kr. 1 til Flora Turlag. Det må leggjast inn ein klausul om at bygget ikkje blir vidareseid på det kommersielle markedet innanfor ein 10 års periode.

Kinn kommune oppgraderer bygget for kr. 700 000 eks mva, før det blir seld. Finansiering blir å komme tilbake til i sak om revidert budsjett.

**Behandling i Formannskapet 08.05.2025:**

Nytt framlegg, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Formannskapet er positiv til at Flora turlag får kjøpe skulehuset på Askrova for kroner 1. Då det er kommersielle interesser som har kontakta kommunen med ynskje om å kjøpe eigedomen ber formannskapet om at kommunedirektøren undersøker denne interessen og oppdaterer saka til kommunestyret si handsaming av saka.

Utsettingsframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti  
Saka vert utsett. Administrasjonen kjem tilbake med vurderingar som kom fram i formannskapet si drøfting

Ordførar Solheim-Olsen (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styreleiar for Flora Turlag, som er part i saka.

Formannskapet vedtek samrøystes ordføraren som inhabil, jf. forvaltningslova § 6 e, og han fråtrer i denne saka. Repr. Arlene Vågane (H) tiltrer som vara.

Varaordførar Djuvik tiltrer som møteleiar i denne saka.

Kommunedirektøren informerer om at det har kome tilbakemeldingar i denne saka siste døgnet. Private aktørar har vist interesse for bygget.

Han anbefalar formannskapet å utsetje saka.

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt mot 6 røyster (2 UAH v/Brunsvik og Berg, 2 FrP v/Djuvik og Nesje, 1 V v/Nødseth, 1 Raudt v/Brandsøy).

Framlegg frå AP v/repr. Teigen vedteke med 7 røyster (1 UAH v/Berg, 1 H v/Vågane, 1 SP v/Midtbø, 1 V v/Nødseth, 1 Raudt v/Brandsøy 2 AP v/Standal og Teigen).

**FORM- 052/25 Vedtak:**

Formannskapet er positiv til at Flora turlag får kjøpe skulehuset på Askrova for kroner 1. Då det er kommersielle interesser som har kontakta kommunen med ynskje om å kjøpe eigedomen ber formannskapet om at kommunedirektøren undersøker denne interessen og oppdaterer saka til kommunestyret si handsaming av saka.

**Vedlegg i saken:**

Rapport ventilasjon Askrova skule 24

Utbedringskostnader rev.1 (1) (3)


Kinn Kommune rapport VA, Askrova Skule

Beskrivelse bygg

Valvikvegen 151 29.03.2023

Notat - sal av skulebygget på Askrova - tilleggsinformasjon til sak FORM05225

Framtidig bruk av Askrova skule - eit ønskje om utvikling for nærmiljø og eldreomsorg



| Saksnr. | Utval              | Møtedato   |
|---------|--------------------|------------|
|         | Gruppeleiarutvalet |            |
| 064/25  | Kommunestyret      | 15.05.2025 |

## TV-aksjon 2025 - Atlas-alliansen - val av komité

### KOST- 064/25 Vedtak:

Kinn kommune set ned følgjande kommunekomite som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Bengt Solheim-Olsen (leiar)  
Morten Mortensen  
Dagrunn Allmenning Kvalheim  
Aud Norunn Vig  
Bjarne Holme  
Hege Chatrine Brandsøy  
Heidi Borge  
Heidi Rønhovde

Komiteen kan supplerast med medlemmer frå parti/grupper som ikkje er representert i komiteen

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune set ned følgjande kommunekomite som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

---

### Bakgrunn for saka:

Atlas-alliansen er tildelt NRK TV-aksjonen i 2025.

Gjennom aksjonen skal Atlas-alliansen gje hjelp til menneske med funksjonsnedsettingar i land som er råka av krig, kriser og fattigdom. Pengane skal gå til skulegang, helsetenester, naudhjelp, og hjelpemiddel som rullestolar, krykker, briller og protesar.

Oppmoding om å opprette kommunekomite vart motteke 28.03.2025.

### Saksopplysningar:

Årets TV-aksjon er søndag 19. oktober og går til Atlas-alliansen.

Stiftelsen Atlas-alliansen vart stifta i 1981 og er ein paraplyorganisasjon for åtte organisasjonar av og for menneske med funksjonsnedsettingar. Det er Norges Blindforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Norges Handikapforbund, Ryggmargsbrokk- og hydrocephalusforeningen, Mental Helse Ungdom, Norges Døveforbund og Stiftelsen Signo.

Gjennom årets aksjon skal Atlas-alliansen gi hjelp til menneske med funksjonsnedsettingar i land som er råka av krig, kriser og fattigdom. Pengane skal gå til skulegang, helsetenester, naudhjelp, og hjelpemiddel som rullestolar, krykker, briller og protesar.

Atlas-alliansen skal gjennom TV-aksjonen gi 200 000 menneske med funksjonsnedsettingar og familiane deira i Palestina, Ukraina, Etiopia, Nepal, Tanzania, Uganda og Zambia eit betre liv.

#### **Vurderingar:**

Kinn kommune vel ein kommune-komitè som har ansvaret for gjennomføring av TV-aksjonen i Kinn kommune. Fjorårets komitè bestod av 9 politikarar fordelt med 3 frå Vågsøy-delen og 6 frå Florø-delen av kommunen.

---

### **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Framlegg til komite, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti  
Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Bengt Solheim-Olsen (leiar)  
Morten Mortensen  
Dagrunn Allmenning Kvalheim  
Aud Norunn Vig  
Bjarne Holme  
Hege Chatrine Brandsøy  
Heidi Borge  
Heidi Rønhovde

Komiteen kan supplerast med medlemmer frå parti/grupper som ikkje er representert i komiteen

#### **Røysting:**

Innstilling frå gruppeleiarutvalet v/leiar Djuvik samrøystes vedteke.

#### **KOST- 064/25 Vedtak:**


Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Bengt Solheim-Olsen (leiar)  
Morten Mortensen  
Dagrunn Allmenning Kvalheim  
Aud Norunn Vig  
Bjarne Holme  
Hege Chatrine Brandsøy  
Heidi Borge  
Heidi Rønhovde

Komiteen kan supplerast med medlemmer frå parti/grupper som ikkje er representert i komiteen

#### **Vedlegg i saken:**

Oppmoding til ordførar om å oppretta og leie kommunekomitéen for NRK TV-aksjonen 2025



## Kinn kommune

Arkiv: FE-033, FE-465  
JournalpostID: 25/12760  
Sakshandsamar: Mari Halsør  
Dato: 07.04.2025

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 065/25  | Kommunestyret | 15.05.2025 |

### Søknad om fritak frå politiske verv - André Øvstedal

#### KOST- 065/25 Vedtak:

Kommunestyret konstaterer at det ligg føre vesentleg ulempe for André Øvstedal å ivareta sine politiske verv i Kinn og gjev difor fritak som omsøkt.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret avslår André Øvstedal (H) sin søknad om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune.

---

#### Bakgrunn for saka:

Representant André Øvstedal frå partiet Høgre, har i brev 14.03.2025 søkt om fritak frå sine politiske verv grunna flytting frå kommunen.

#### Saksopplysningar:

Representant André Øvstedal søker om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune, då han har endra arbeidsstad og er flytta frå kommunen.

Han skriv slik i sin søknad:

«Fritak fra politisk verv – Søknad

Til: Kinn kommune

Dato: 14.03.2025

Jeg, André Øvstedal, ønsker med dette å søke om fritak fra mitt politiske verv som varamedlem for Kinn Høyre.

Grunnen til denne søknaden er at jeg nå jobber i Stavanger og samtidig har min faste bopel hovedsakelig i Polen. Dette medfører at jeg ikke lenger har mulighet til å delta aktivt i kommunens politiske arbeid på en tilfredsstillende måte.

På grunn av min nåværende arbeidssituasjon og bostedsforhold ber jeg om å bli fritatt fra mine politiske plikter i henhold til kommuneloven § 15-2.

Jeg takker for tilliten jeg har fått og setter pris på muligheten jeg har hatt til å bidra til kommunens politiske arbeid.

Vennlig hilsen,  
André Øvstedal»

I telefonsamtale 07.04.2025, har repr. Øvstedal opplyst at han på våren 2025 starta i ny jobb, med fast arbeidsstad i Stavanger. Han vil difor ha fast bopel i det området. Han vil fortsatt vere folkeregistrert i Kinn kommune, då han eig hus i kommunen.

Repr. Øvstedal er 9. varamedlem for Kinn Høgre i kommunestyret. Han har ikkje vore kalla inn til politiske møter så langt i valperioden.

I kommunelova går det fram at ein er valbar dersom ein er registrert busett i kommunen. Det vil seie at ein må vere registrert utflytta frå kommunen, for å automatisk få fritak frå politiske verv.

Fritaksgrunn vil i fyste rekkje vere at søkjaren sitt arbeidsforhold, familieforhold, dårleg helse eller andre sterke velferdsgrunnar gjer det ekstra byrdefylt å oppfylle dei pliktar vervet fører med seg. Det skal føreligge vesentleg ulempe.

Det skal i vurderinga av ein fritakssøknad også leggjast vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet då den folkevalde samtykka i å bli vald.

Ei avgjersle om fritak skal takast ut frå ei heilskapeleg vurdering, med bakgrunn i kommunelova med tilhøyrande førearbeid og teori. Det er likevel ei skjønsmessig vurdering som kommunestyret må ta stilling til.

#### **Vurderingar:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er i tråd med kommunelova.

Sidan repr. Øvstedal har, og kjem fortsatt til å ha folkeregistrert adresse i Kinn kommune, er han fortsatt valbar, og det er ikkje grunnlag for fritak.

Det vil moglegvis vere vanskeleg for representanten å delta på fysiske kommunestyremøter, då han bur langt vekk. Men som 9. varamedlem har han ikkje vore kalla inn på møter så langt i valperioden, og det er då lite sannsynleg at det vil skje mange ganger. Kommunedirektøren vurderer at det ikkje føreligg vesentleg ulempe å fortsette som varamedlem og difor ikkje gode nok grunnar til å innvilge fritak etter kommunelova.

Dersom kommunestyret likevel vel å innvilge søknaden om fritak, vert det nytt 9. varamedlem for Høgre ved opprykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen økonomiske konsekvensar.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

Kommunelova § 7-2 og 7-9.

Vallova § 3-2.

---

### **Behandling i Kommunestyret 15.05.2025:**

Alternativt framlegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre  
Kommunestyret konstaterer at det ligg føre vesentleg ulempe for André Øvstedal å ivareta sine politiske verv i Kinn og gjev difor fritak som omsøkt.

#### **Røysting:**

Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vert sett opp mot kommunedirektøren sitt

framlegg og vedteke mot 9 røyster (7 AP v/Teigen, Nygård, Christensen, Jensen, Øvrelid, L.T. Standal og Ness, 2 SV v/Olafsson og Solbakken).

**KOST- 065/25 Vedtak:**

Kommunestyret konstaterer at det ligg føre vesentleg ulempe for André Øvstedal å ivareta sine politiske verv i Kinn og gjev difor fritak som omsøkt.

**Vedlegg i saken:**

Søknad om fritak frå politiske verv - André Øvstedal